



Austevoll kommune

Møteprotokoll

KOMMUNESTYRET

Møtedato: 26.05.2010

Møtetid:

Kl. 15:00

Møtestad: KOMMUNESTYRESALEN

Saknr.:

069/10 - 088/10

Følgjande medl. møtte:	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Helge Andre Njåstad	Frp	Grete Hammervold	Frp
Jostein Blænes	”	Inger Johanne Byberg	”
Ronald Persen	”	Jan Ove Persen	”
Kjetil Østervold	”	Cesilie Øxnes	Krf
Narve Møgster	”		
Edvard Johannes Stangeland	Sp		
Ingrid Vågen Duesund	”		
Ingunn Berge Vik	H		
Julie Eide Solbakken	”		
Kurt Frank	”		
Arne Kalve Klepsvik	”		
Olav O. Østervold	”		
Jane K. Stangeland	Ap		
Ove Fagerbakke	”		
Andreas Risøy	”		
Torfinn Grav	Krf		

Forfall frå følgjande medl.:	Parti	
Renate Møgster Klepsvik	Frp	
Helge Otterå	”	
Olav Njåstad	”	
Øystein Østervold	”	
Christian Halstensen	Krf	

Møteleiar:	Ordførar Helge Andre Njåstad
Frå adm. møtte:	Rådmann Rolf Nøstdal, helse- og sosialsjef Helge Skugstad, økonomisjef Liv Bente Storebø og nestleiar osk Astrid N. Fagerbakke
Utlevert i møtet:	Sak 073/10 Klage på vedtak – val av revisor. Vedlegg til sak 086/10 – skjenkeløyve Bekkjarvik kro.
Merknader:	
Innkalling:	

Helge Andre Njåstad
Ordførar

Arne Kalve Klepsvik

Narve Møgster

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
069/10	Godkjenning av møtebok kommunestyre 27.04.2010
070/10	Underskriving av møteboka kommunestyre 2010
071/10	Politisk kvarter
072/10	Referatsaker
073/10	Klage på vedtak i kommunestyret om val av revisor
074/10	Skatteinnngongen mars/april 2010
075/10	Rekneskapsrapport april 2010
076/10	Overføring av unytta løyvingar frå 2009 - 2010 , budsjettendringar
077/10	Inndekningsplan for underskot 2010 - 2014
078/10	Melding om kommunen sine lån og lånevilkår 31.12.2009
079/10	Uttale om forslag til nye kriteria for fylkesvis fordeling av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet
080/10	Reiselivsstrategi for Sunnhordland 2010-2015
081/10	Forslag til endring i forskrift om transport med ferje.
082/10	Gang- og sykkelveg Storebø sentrum
083/10	Salsløyve for øl - salstid
084/10	Rehabilitering av naturfagsalen på Austevoll ungdomsskule
085/10	Gnr. 34, bnr. 2, Taranger (Haugneset). Endeleg godkjenning av reguleringsplan
086/10	Søknad om skjenkeløyve - Bekkjarvik kro
087/10	Søknad om skjenkeløyve på Marsteinen Fyr
088/10	Gnr. 65 bnr. 0003 Bjørnneset. Reguleringsplan - Olsengruppen AS. Lokaliseringsanalyse for kontorbygg

069/10: Godkjenning av møtebok kommunestyre 27.04.2010

Vedtak:

Møteboka frå møte i kommunestyre 27.04.2010 vert godkjent slik ho ligg føre.

070/10: Underskriving av møteboka kommunestyre 2010

Vedtak:

Til å skriva under møteboka saman med ordføraren vart valde:

Arne Kalve Klepssvik og Narve Møgster

071/10: Politisk kvarter

Handsaming i møtet:

Ordføraren orienterte om:

Folketalsutviklinga 1. kvartal 2010, auke med 14 nye innbyggjarar, 4585 er folketalet i Austevoll no.

Reguleringsplan Rabben/Salthella – møte 27.05.2010, Helge Andre Njåstad og Edvard Johannes Stangeland (frå politikarane), Bjørn Wefring (frå administrasjonen), Tore Dalseide og Alv Håkon Klepssvik (frå næringslivet) utgjer gruppa som Kystverket har med i arbeidet.

Utbygging Storebø pleie- og omsorgsenter – møte 27.05.2010 med anbydarar og arkitekt. Ordføraren meinte at formannskapet har fullmakt å ta stilling til val av entreprenør og om opsjonar skal nyttast.

Barnehagesituasjonen i nord løyst: Trygge barnehager har i styremøte vedteke å byggja ut Sjøliv barnehage for 2 mill. kr. - 14 nye plasser vil stå ferdig i september 2010.

Orientering om endring klassar ved Austevoll vgs. Helse og sosiallinja oppretthald i siste liten. Kommunen strekt seg for å få det til ved å stille seg positiv til auka samarbeid med skulen om opplæringa.

Vedlikehald idrettsbanane – møte med idrettslaga der ein vart enige om å prioritera vedlikehald av kunstgrasbanane og at desse vert gått over/rensa 8 ganger i året, ASV hald fram med dette arbeidet.

Revidert nasjonalbudsjett – Austevoll kjem litt betre ut enn snittet for landet på vekst, men kommunen tapar mykje på endring i skattenivå.

Spørsmål frå Julie Solbakken:

Skulane plukka boss før 17. mai, men allereie no er det boss langs vegen. Det har tidlegare vore boss-spenn langs vegane på Storebø. Desse er no fjerna. Kvifor?

Svar frå ordføraren:

Administrasjonen vil sjekka kvifor boss-spenna er fjerna.

Spørsmål frå Ronald Persen:

Brukerstyrt personlig assistent – 2 av dei 3 som leverte anbod er valgt, Uloba som har konsesjon i Austevoll i dag er valgt vekk. Brukarane reagerer på dette – kvifor endra på noko som brukarane er meget fornøyd med. Val av nye aktørar har heller ingen økonomisk gevinst. Kan kommunestyre lovleg gje konsesjon til alle 3 anbydarane.

Ber om at administrasjonen undersøker om det er mogeleg at alle 3 som leverte inn anbod kan få konsesjon.

Svar frå rådmannen:

3 firma leverte inn anbod. Administrasjonen er godt kjent med at brukarane er svært nøgd med Uloba. Ved val av anbod er det kommunen, firma og brukarane det skal takast omsyn til. Uloba vant ikkje fram pga. rutiner/samarbeid med kommunen. Har hatt kontakt med andre kommunar og Stjørdal ressursenter som støtter kommunen sitt syn.

Etter en totalvurdering vart ikkje Uloba valgt.

Velger kommunen at alle 3 firma får konsesjon vil brukarane sannsynlegvis framleis velja Uloba.

Svar frå ordføraren:

Administrasjonen sjekker opp om det kan gjevast konsesjon til alle 3 aktørane.

Tenesteutvalet kan godkjenne dette.

Spørsmål frå Torfinn Grav:

1. På Lovdata.no finns det for kvar kommune eit oversyn for lokale føresegner. For Austevoll manglar det Politivedtekter. Så framt dette er korrekt ber eg om at kommunestyret tek stilling til om det skal etablerast politivedtekter for kommunen.
2. Eg etterlyser og ei framdrift for revisjon av ”Alkoholpolitiske retningsliner for Austevoll kommune” og ber om svar på når dette arbeidet kan forventes igongsatt og ferdigstilt.
3. Det hadde vore ynskjeleg med eit oversyn over lokale handlings- og tiltaksplanar for dei ulike sektorane innan kommunen – med opplysningar om: etableringsdato, siste revisjon mv. Er det mogleg å få utarbeidd og distribuert dette – for eksempel på websidene til kommunen?
4. Vegnamn for Storebø. Storebø Vel leverte i mai i fjor eit framlegg til vegnamn for Storebøområdet. Kva skjer vidare i saka?

Svar frå rådmannen:

Politivedtekter for Austevoll er frå 1939 og gått ut på dato for lenge siden. Fsk. el. kst. oppretta eit politisk utval i 1996 som skulle utarbeida nye vedtekter i løpet av året. Dette vart ikkje utarbeida.

Rådmannen har vore i kontakt med lensmannen som meiner at det er på høg tid at denne saka vert prioritert.

Alkoholpolitiske retningsliner er ein plan som rådmannen ikkje har prioritert. Det vert arbeidd med helse- og sosialfagleg plan som vert prioritert og administrasjonen vil prøve å få slutført denne. Legane skal involverast i dette arbeidet og dette har vore vanskeleg pga. bemanningsstoda.

Ein del av planane som kommunen har er lagt ut på heimesida. Administrasjonen vil sjå på aktuelle planer som kan leggjast ut og oppdatera heimesida.

Vegnamn Storebø – sak om dette vert lagt fram for formannskapet.

Spørsmål frå Narve Møgster:

Kva skjer i barneskulen, er det planer om samanslåing av skular?

Er barneskulane tilrettelagt for funksjonshemma og dei krav som stillast til det.

Svar frå rådmannen:

Administrasjonen førebur sak om kva som skal gjerast med Nordstrandsbygget og i samband med dette vil det bli reist ein del prinsipielle spørsmål kring skulestrukturen. Tal på endra skulestruktur vil bli lagt fram i saka og kommunestyret kan gjera vedtak om vegen vidare i denne saka.

Nordstrandsbygget er i svært dårleg forfatning og burde vore stengt. Sparebanken Vest vil ha eit raskt svar på planane for bygget.

Når det gjeld tilrettelegging for funksjonshemma på skulane så er ein del tilrettelagt på ungdomsskulen, Selbjørn skule og Trolandshammer skule.

Spørsmål frå Jane Stangeland:

Kan Austevoll kommune påverka Tide til å setja inn ekstra ferje fredagar og søndagar i sommarhalvåret.

Svar frå ordføraren:

Det vert jobba aktivt med målet vårt om å få 2 ferjer. Næringslivet og pendlarane sitt behov må brukast som strategi i saka, hovestrategi framfor helgetrafikken. Ordføraren er skeptisk til å endre strategi og be om andre ting utover hovedmålet som er 2 ferjer så snart som mogleg.

Spørsmål frå Andreas Risøy:

Korleis ligg kommunen an i arbeidet med å lage nye oppdaterte kart over Austevoll og få desse ut til skulane og andre som treng dei.

Svar frå rådmannen:

Møte om kartverket torsdag 27.05.10 i samband med kommuneplanen. Vil legge fram notat til kommunestyret om status i denne saka.

Spørsmål frå Ove Fagerbakke:

Kva skjer med oversendelsesframlegget frå Jane Stangeland i sak 60/10 Kulturbudsjettet – fordeling av faste tilskot og tilskot etter søknad.

Kan det gjevast ein oversikt over diverse fond som kommunen har (driftsfond, investeringsfond, bundne og ubundne, reservepott)?

Kva ligg i at det er bundne fond.

Svar frå rådmannen:

Innanfor drift har kommunestyre sett av 2 mill. til uføresett. På investeringsbudsjettet har kommunestyret sett av til saman ca. 7 mill. Desse midlane var i utgangspunktet sett av til ekstraordinær nedbetaling av lån.

Svar frå ordføraren:

Oversendingsframlegget vert sendt dit det skal og så kan mottakaren avgjere kva som vert gjort vidare

Kommunen har eit næringsfond med ein del midlar som formannskapet styrer.
Bundne fond – midlar som vert sett av til øyremerka tiltak.

Vedtak:

Vert lagt ved møteboka.

072/10: Referatsaker

Vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

073/10: Klage på vedtak i kommunestyret om val av revisor

Handsaming i møtet:

Kontrollsjef Hogne Haktorson frå sekretariatet for kontrollutvalet orienterte om saka.

Kari Nygard frå sekretariatet var også til stades under handsaminga og hadde ordet under tingingane.

Framlegg frå Frp v/Helge Andre Njåstad:

Austevoll kommunestyre viser til klage frå KPMG datert 5. mai 2010 på kommunestyret sitt vedtak i møte 27. april 2010.

Austevoll kommunestyre tek klage til fylgje og opphevar vedtaket med grunnlag i nye opplysningar som slår fast at kommunestyret sitt vedtak ikkje var tilstrekkeleg opplyst slik kommunelova krev av alle saker lagt fram for kommunestyret.

Austevoll kommunestyre viser til at kommunestyret nå har fått klaga frå KPMG datert 5. mai, samt sekretariatet til kontrollutvalet sitt utkast til svar til KPMG datert 19. mai 2010 samt e-post frå KPMG v/ Harald Sylta datert 25. mai 2010 og finn at saka no tilstrekkeleg opplyst slik at kommunestyret kan fatte ei avgjerd i saka.

Austevoll kommunestyre viser til at anbudet er lagt opp med både objektive kriterier (pris) og skjønsmessige kriterier (Løysing og forståing av oppdraget, Kompetanse og erfaring og Leveringsevne). Kommunestyret er ikkje samd i sekretariatet si vektlegging av dei skjønsmessige kriteria. Det er heller ikkje innhenta referanse. Kommunestyret viser og til at det er gjort andre vurderingar av andre miljø som ikkje er identisk med vurderinga som sekretariatet har gjort.

Kommunestyret i Austevoll viser blant anna til rådmannen sitt svar i kommunestyre 27. april på spørsmål om administrasjonen hadde grunn til å stille spørsmål ved KPMG sin løysing av oppdraget fram til dags dato i Austevoll. Rådmannen sa her at KPMG leverte tenesta på ein tilfredstillande måte.

Kommunestyret i Austevoll viser og til at KPMG har lokal kunnskap om Austevoll noko som ikkje er omtalt / vektlagt i grunnlaget frå sekretariatet. Det er ei rekkje andre faktorar om enkelt vurderingar der kommunestyret er kritisk til vektinga som sekretariatet har gjort.

Austevoll kommunestyre som etter kommunelova sjølv skal foreta val vel å gjera sin eigen vurdering av saka og meiner at desse momenta talar for at begge selskap kan vektast jamnt på

dei skjønsmessige kriteria. Kommunestyret legg til grunn at begge selskap er i stand til å levere tenesta på ein tilfredstillande måte.

Austevoll kommunestyre likestiller selskapa på dei skjønsmessige kriteria og legg då til grunn at selskapet som har den lågaste prisen på det objektive kriteriet får oppdraget.

Austevoll kommunestyre vel KPMG som revisor frå 01.07.2010 til 30.06.2014 med opsjon for Austevoll kommune til å forlengje avtalen med 2 år.

Framlegg frå Krf v/Torfinn Grav:

1. Austevoll kommunestyre viser til klage frå KPMG datert 5. mai 2010 på kommunestyret sitt vedtak i møte 27. april 2010.
2. Med grunnlag i nye saksopplysningar vedtek kommunestyret å senda saken i retur for ny saksutgreiing/handsaming av kontrollutvalet.

Det vart først røysta for Torfinn Grav sitt framlegg som fekk 5 røyster og falt (Ap og Krf røysta for).

Det vart deretter røysta for Frp sitt framlegg som vart vedteke mot 5 røyster.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre viser til klage frå KPMG datert 5. mai 2010 på kommunestyret sitt vedtak i møte 27. april 2010.

Austevoll kommunestyre tek klage til fylgje og opphevar vedtaket med grunnlag i nye opplysningar som slår fast at kommunestyret sitt vedtak ikkje var tilstrekkeleg opplyst slik kommunelova krev av alle saker lagt fram for kommunestyret.

Austevoll kommunestyre viser til at kommunestyret nå har fått klaga frå KPMG datert 5. mai, samt sekretariatet til kontrollutvalet sitt utkast til svar til KPMG datert 19. mai 2010 samt e-post frå KPMG v/ Harald Sylta datert 25. mai 2010 og finn at saka no tilstrekkeleg opplyst slik at kommunestyret kan fatte ei avgjerd i saka.

Austevoll kommunestyre viser til at anbodet er lagt opp med både objektive kriterier (pris) og skjønsmessige kriterier (Løysing og forståing av oppdraget, Kompetanse og erfaring og Leveringsevne). Kommunestyret er ikkje samd i sekretariatet si vektlegging av dei skjønsmessige kriteria. Det er heller ikkje innhenta referanse. Kommunestyret viser og til at det er gjort andre vurderingar av andre miljø som ikkje er identisk med vurderinga som sekretariatet har gjort.

Kommunestyret i Austevoll viser blant anna til rådmannen sitt svar i kommunestyre 27. april på spørsmål om administrasjonen hadde grunn til å stille spørsmål ved KPMG sin løysing av oppdraget fram til dags dato i Austevoll. Rådmannen sa her at KPMG leverte tenesta på ein tilfredstillande måte.

Kommunestyret i Austevoll viser og til at KPMG har lokal kunnskap om Austevoll noko som ikkje er omtalt / vektlagt i grunnlaget frå sekretariatet. Det er ei rekkje andre faktorar om enkelt vurderingar der kommunestyret er kritisk til vektinga som sekretariatet har gjort.

Austevoll kommunestyre som etter kommunelova sjølv skal foreta val vel å gjera sin eigen vurdering av saka og meiner at desse momenta talar for at begge selskap kan vektast jamnt på

dei skjønsmessig kriteria. Kommunestyret legg til grunn at begge selskap er i stand til å levere tenesta på ein tilfredstillande måte.

Austevoll kommunestyre likestiller selskapa på dei skjønsmessige kriteria og legg då til grunn at selskapet som har den lågaste prisen på det objektive kriteriet får oppdraget.

Austevoll kommunestyre vel KPMG som revisor frå 01.07.2010 til 30.06.2014 med opsjon for Austevoll kommune til å forlengje avtalen med 2 år.

074/10: Skatteinngongen mars/april 2010

Vedtak:

Vert lagt ved møteboka

075/10: Rekneskapsrapport april 2010

Vedtak:

Austevoll kommunestyre tek rekneskapsrapport etter april 2010 til orientering

076/10: Overføring av unytta løyvingar frå 2009 - 2010 , budsjettendringar

Vedtak:

Kommunestyret vedtek å overføre unytta løyvingar frå 2009 til 2010 i henhold til tabell under.

Ansvar og funksjon	Investering	Gjenstående midlar att på budsjett 2009
1130.3304	Bekkjarvik Fiskerihamn	1 961 152
1180.1804	IT Utstyr	187 885
2150.2220	Austevoll Ungdomsskule	7 069 374
2150.3340	Trafikktryggleikstiltak Austevoll Ungdomsskule	140 000
2180.2020	Grunnskulen - undervisningsmateriell	167 362
	SUM investeringar til vurdering for overføring	9 525 773

077/10: Inndekningsplan for underskot 2010 - 2014

Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek følgjande inndekningsplan for akkumulert underskot:

Tekst	Saldo 01.01.2009	Dekning 2009	Dekning 2010	Dekning 2011	Dekning 2012	Dekning 2013	Dekning 2014	SUM
Underskot 2001	-1 243 079	1 243 079						0
Underskot 2002	-8 270 670	1 656 921	5 000 000	1 613 749				0
Underskot 2003	-11 299 752			3 386 251	5 955 711	1 957 790		0
Underskot 2004	-9 953 633					3 997 921	5 955 712	0
Underskot 2005	-22 064						22 064	0
	-30 789 198	2 900 000	5 000 000	5 000 000	5 955 711	5 955 711	5 977 776	0

078/10: Melding om kommunen sine lån og lånevilkår 31.12.2009

Vedtak:

Austevoll kommunestyre tek rådmannen si melding om kommunen så lånegjeld og lånevilkår til orientering

079/10: Uttale om forslag til nye kriteria for fylkesvis fordeling av spelemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Ap v/Jane Stangeland:

Pkt. 4 endrast til:

- Godkjent søknadssum vektast med 50%
- Befolkningsgrunnlag vektast med 25%
- Kriteriet ”anleggsdekning” vektast med 25%

Det vart røysta over tilrådinga og framlegget frå Jane Stangeland.

Tilrådinga vart vedteke mot 3 røyster (Ap)

Vedtak:

1. Arbeidet innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv må styrkjast som regionalpolitisk område.
2. Forvaltninga av spelemidler til anlegg for fysisk aktivitet og idrett må overførast til regionane.
3. Kulturdepartementet bør sette i gang arbeidet med å revidere gjeldande idrettspolitik og utarbeide ein ny overordna kostnadsnøkkel for fordeling av spelemidler med større vekt på regionalpolitisk råderett.
4. Inntil vidare bør gjeldande fordelingsnøkkel for spelemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet etter overskot i Norsk Tipping A/S endrast slik:
 - Godkjent søknadssum vektast med 70 %.
 - Befolkningsgrunnlag vektast med 30 %.
 - Kriteriet ”anleggsdekning” takast ut av fordelingsnøkkel.
 - Ny fordelingsnøkkel bør tidlegast gjelde frå 2011.

080/10: Reiselivsstrategi for Sunnhordland 2010-2015

Vedtak:

1. Austevoll kommunestyre sluttar seg til Reiselivsstrategi for Sunnhordland 2010-2015 slik han ligg føre.
2. Økonomisk tilskott vert å vurdera gjennom dei årlege budsjetthandsamingane.

081/10: Forslag til endring i forskrift om transport med ferje.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre har vurdert forslaget til endring i forskrift om transport med ferje og støtter endringa full ut. Med berre ei ferje i kommunen sitt samband mot fastlandet er det heilt naudsynt at ferja går til fastsette tider og med full kapasitet.

082/10: Gang- og sykkelveg Storebø sentrum

Vedtak:

Austevoll kommunestyre gjer vedtak om at Austevoll kommune ikkje vil bruke den reguleringsplanfesta retten til å bygge gang og sykkelvegen G1 og G2 ihht Sentrumsplanen.

083/10: Salsløyve for øl - salstid

Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek at sal av øl på dagar før helgedager kan skje til kl. 1800.

084/10: Rehabilitering av naturfagsalen på Austevoll ungdomsskule

Vedtak:

Kommunestyret vedtek å omdisponere kr 167 000 som står att på fond til bokinnkjøp til investering i utstyr til naturfagsalen på Austevoll ungdomsskule.

085/10: Gnr. 34, bnr. 2, Taranger (Haugneset). Endeleg godkjenning av reguleringsplan

Handsaming i møtet:

Edvard Johannes Stangeland overtok som ordførar.

Helge Andre Njåstad er ugild under handsaminga av saka.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre godkjenner i medhald av PBL § 12-12, reguleringsplanen for gnr. 34, bnr. 2 Taranger. (Haugneset).

Føresegnene er datert 28.04.10 og plankartet er datert 25.01.10.

Vedtaket vert sendt til råka parter, grunneigarar, naboar og uttaleinstansane for klagevurdering.

086/10: Søknad om skjenkeløyve - Bekkjarvik kro

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Edvard Johannes Stangeland:

Austevoll kommunestyre gjev følgjande skjenkeløyve for perioden fram til 30. juni 2010 til Gjertrud Kalvenes og Erik Kalvenes for skjenking i regi av Bekkjarvik kro sine lokaler inne og ute:

- a) Skjenking av øl og vin alle dagar bortsett frå søndag frå kl. 12.00 til kl. 02.00.
- b) Skjenking av øl og vin søndag frå kl. 12.00 til kl. 22.00.
- c) Gjertrud Kalvenes vert godkjent som styrar med Erik Kalvenes som avløyser.
- d) Skjenkinga er avgrensa til Bekkjarvik Kro sine lokale, jfr. søknaden.
- e) Skjenkeløyve vert gjeve av at det vert forvalta i samsvar med lover, forskrift og kommunale vedtekter. Kommunen kan dra inn løyve dersom kontrollverksemda avdekkar avvik.
- f) Det er ein føresetnad at forfalle alkoholgebyr og andre skatter og avgifter til ei kvar tid er betalt.

Det vart røysta over tilrådinga og framlegget frå Edvard Johannes Stangeland.

Tilrådinga vart vedteke med 11 mot 9 røyster (Julie Solbakken, Kurt Frank, Olav O. Østervold og Ingunn Berge Vik frå Høgre, Jan Ove Persen, Inger Johanne Byberg, Jostein Blænes og Helge Andre Njåstad frå Frp og Edvard Johannes Stangeland frå Sp røysta mot.)

Vedtak:

Austevoll kommunestyre har vurdert søknaden frå Bekkjjarvik Kro om skjenkjeløyve for øl og vin.

Austevoll kommunestyret viser til det som går fram av saksframlegget og vedtek at det ikkje vert gjeve skjenkjeløyve til Bekkjjarvik Kro.

087/10: Søknad om skjenkjeløyve på Marsteinen Fyr

Handsaming i møtet:

Jan Ove Persen og Ronald Persen var ugild under handsaminga.

Det vart røysta over tilrådinga som vart vedteke mot 4 røyster (Ap og Torfinn Grav Krf).

Vedtak:

Austevoll kommunestyre gjev følgjande skjenkjeløyve for perioden fram til 30. juni 2012 til Jan-Ove Persen for skjenking i regi av Austevoll Båt & Cruise AS på Marsteinen Fyr sine lokale og ute:

- a) Skjenking av øl og vin alle dagar frå kl. 1200 til kl. 0200.
- b) Skjenking av brennevin alle dagar frå kl. 1300 til kl. 0200.
- c) Skjenking av øl og vin til deltakarar i slutta lag frå kl. 1200 til kl. 0200, brennevin frå kl. 1300 til kl. 0200.
- d) Uteskjenking av øl og vin frå kl. 1200 til kl. 0200.
- e) Uteskjenking av brennevin frå kl. 1300 til kl. 0200.
- f) Jan-Ove Persen vert godkjent som styrar med Øystein Johannessen som avløyser.
- g) Skjenkinga er avgrensa til Marsteinen Fyr sine lokale på eigedomane gnr. 25 bnr. 2 og gnr. 25 bnr. 83.
- h) Uteskjenking kan skje i nærleiken av bygningane på ovannemnde eigedomar.
- i) Skjenkjeløyve vert gjeve av at det vert forvalta i samsvar med lover, forskrift og kommunale vedteker. Kommunen kan dra inn løyvet dersom kontrollverksemda avdekkar avvik.
- j) Det er ein føresetnad at forfalle alkoholgebyr og andre skattar og avgifter til ei kvar tid er betalt.

088/10: Gnr. 65 bnr. 0003 Bjørnneset. Reguleringsplan - Olsengruppen AS.

Lokaliseringsanalyse for kontorbygg

Vedtak:

Austevoll kommunestyre godkjenner lokaliseringsanalysen dagsett 04.05.2010 skrevet av rådmannen, og ber om at denne vert lagt ved planen som vert meldt til oppstart av søkjar.

Utvalet ber om at søkjar utarbeider ei landskapsanalyse for planområdet som vert lagt ved planforslaget ved første gangs framlegging for utvalet.